



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.meld. nr. 23

(2002–2003)

Om kraftutbygging i Hattebergvassdraget

Innhold

1	Innleiing og samandrag	5	5	Konsesjonssøkjaren sitt krav om å få saka lagt fram for Stortinget	14
1.1	Innleiing	5			
1.2	Samandrag	5			
1.2.1	Bakgrunn for saka	5	6	Tidlegare praksis for å avslå konsesjonssøknader	15
1.2.2	Prosjektet	5			
1.2.3	Tidlegare saksgang	5			
1.2.4	Departementet si tilråding	6	7	Olje- og energidepartementet sine merknader	16
2	Samandrag av NVE si innstilling	6	7.1	Bakgrunn for saka	16
2.1	Innleiing	6	7.2	Om søkjaren	16
2.2	NVE si vurdering og konklusjon	6	7.3	Prosjektet	16
2.2.1	NVE si vurdering	6	7.4	NVE si innstilling – kort oppsummering	16
2.2.2	NVE sin konklusjon	7	7.5	Oppsummering av fråsegnene til NVE si innstilling	16
3	Innkomne fråsegner til NVE si innstilling	8	7.6	Vurderinga etter vassdragsreguleringslova § 8	16
3.1	Kommunal- og regionaldepartementet si fråsegn	8	7.7	Departementet si vurdering og tilråding	17
3.2	Fråsegna frå Universitetet i Oslo	8			
3.3	Kvinnherad kommune si fråsegn	9			
3.4	Hordaland fylkeskommune si fråsegn	9			
3.5	Fråsegn frå Miljøverndepartementet ...	9	Vedlegg		
3.6	Kvinnherad Energi sin kommentar til innstillinga	10	1	Hattebergvassdraget – Rosendal. Kart over delfelter	18
4	Departementet sitt avslag på konsesjonssøknaden	11			



St.meld. nr. 23

(2002–2003)

Om kraftutbygging i Hattebergvassdraget

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 11. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Olje- og energidepartementet legg med dette fram melding til Stortinget om avslag på søknad om løyve til kraftutbygging i Hattebergvassdraget i Kvinnherad kommune i Hordaland. Olje- og energidepartementet avslo søknaden 28. juni 2001. Konsesjonssøkjaren, Kvinnherad Energi AS, har i medhald av vassdragsreguleringslova § 8 kravd at departementet sitt avslag vert lagt fram for Stortinget.

1.2 Samandrag

1.2.1 Bakgrunn for saka

Kvinnherad Energi AS søkte i 1998 om løyve til å ruste opp og utvide Muradalen kraftverk i Hattebergvassdraget. Selskapet er fullt ut eigd av Kvinnherad kommune, og driv med produksjon og distribusjon av kraft.

Hattebergelva er i dag bygd ut med Muradalen kraftverk, som er ein kraftstasjon i dagen inst i Muradalen, og dei to magasina Prestavatnet og Svartavatnet. Årleg produksjon i kraftverket er i dag om lag 8,5 GWh.

Noverande Muradalen kraftstasjon vart sett i drift i 1954 og har behov for ei modernisering.

1.2.2 Prosjektet

Søknaden inneheldt 4 punkt:

1. Utbetring av dammen ved Svartavatnet for å oppfylle tryggleikskrava etter forskriftene om Sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg.
2. Ytterlegare regulering av Svartavatnet.
3. Reguleringskonsesjon på ubegrensa tid.
4. Ny kraftstasjon med 6 ulike alternativ for ei utbygging.

1.2.3 Tidlegare saksgang

Olje- og energidepartementet fatta i juni 2001 vedtak om å avslå søknaden om ytterlegare regulering av Svartavatnet og om å byggja nytt Muradalen kraftverk. Samstundes vart kraftselskapet sin tidsavgrensa reguleringskonsesjon i vassdraget gjort om til å bli evigvarande. Søkjaren fekk og løyve til å gjere naudsynte sikringstiltak ved dammen i Svartavatnet slik det var søkt om.

Under sakshandsaminga i departementet la søkjaren fram eit alternativ med ombygging av kraftverket utan endring av fallhøgda, men med auka slukeevne. Det vil seie at røyrdimensjonen vert auka og at ein installerer maskinar med større effekt. Med dette tiltaket ville produksjonen auka frå om lag 8,5 GWh til 26 GWh om året. NVE kom i sitt brev av 16.10.2001 til at dette tiltaket ikkje ville føre med seg nemneverdige skader eller ulemper for ålmenta, slik at kraftverket kunne byggjast om

utan konsesjon etter vannressurslova. Vedtaket til NVE vert påklaga til Olje- og energidepartementet. Departementet kom i brev dagsett 03.03.2002 til at ombygginga var konsesjonspliktig og oppheva med det vedtaket til NVE. Departementet ga som grunngeving at Muradalen har vesentlege kvaliteter for landskapet og må sjåast som ein del av eit større kulturmiljø mellom fjord og fjell. Området har kulturhistorisk verdi og er sårbart for dei nye inngrepa som ei ombygging ville ført til.

Kvinnherad Energi AS har i brevet dagsett 6. august 2002 kravd at saka skal leggjast fram for Stortinget, i samsvar med vassdragsreguleringslova § 8, anna ledd.

1.2.5 Departementet si tilråding

Departementet kan ikkje sjå at saka no står i ei anna stilling enn då ein fatta vedtak om å gje avslag. Departementet står difor fast ved avslaget på konsesjonssøknaden i denne meldinga.

2 Samandrag av NVE si innstilling

2.1 Innleiing

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) la fram si innstilling i saka 23. mai 2000. Innstillinga er omfattande, og følgjer difor denne stortingsmeldinga som uttrykt vedlegg. Søknaden frå kraftselskapet og konsekvensutgreiinga er teken med i NVE si innstilling. I dei høve departementet syner til NVE si innstilling, er det dette vedlegget det vert synt til. I punkt 2.2 nedanfor er NVE si vurdering og konklusjon teken inn slik dei går fram av innstillinga til departementet.

2.2 NVE si vurdering og konklusjon

2.2.1 NVE sin vurdering

2.2.1.1 Det formelle grunnlaget for søknaden

Svært mange av uttaleinstansene hevder at alle de omsøkte alternativene er i strid med vernevedtaket, og at det eneste det er gitt unntak for er en opprusting av den nåværende stasjonen (i eksisterende bygning) uten økt slukeevne eller økt fallhøyde. Det vises i den sammenheng til bruken av ordet opprusting i den ene setningen i vernevedtaket og NVEs definisjon av begrepene opprusting og utvidelse.

Den generelle regelen for eksisterende kraftverk i vernede vassdrag er at det kan gis tillatelse etter vassdragsloven §§ 104 – 105 til opprusting/

modernisering med små utvidelser som begrenset heving av overvann/senking av undervann, eventuelt sammen med en økning av maskininstallasjon/slukeevne, så lenge dette ikke går ut over verneformålet, jf. Verneplan IV, St.prp. nr. 118 (1991–92). Når det i vernevedtaket er gjort unntak, tolker NVE det slik at det er et prosjekt som går ut over det som generelt er tillatt. Unntaket i vernevedtaket for Hattebergvassdraget må derfor etter vår mening gjelde prosjektene i SP som ble behandlet i Stortinget samme dag og som det ble stemt over spesielt. Det var også dette det ble vist til i NOU 1991: 12B som var på høring forut for utarbeidelsen av St.prp. nr. 118.

Diskusjonen om hvorvidt det omsøkte prosjektet kan/bør defineres som opprusting, opprusting og utvidelse eller ny utbygging, finner NVE mindre aktuelt ettersom vi mener det er gitt unntak for et definert prosjektet. At det i den ene setningen i vernevedtaket sies opprustning, mens det i foregående setningen sies opprusting/utvidelse, innebærer ikke at det er ulike prosjekter som omtales.

I søknaden er det presentert et nytt hovedalternativ som prioriteres av søker. Dette er mer i samsvar med SP-prosjektene, enn meldingens hovedalternativ. Kraftstasjonen er imidlertid plassert ca. 100 m lenger nede i dalen enn SP-prosjektene, noe som også medfører at fallhøyden øker med 2 m. Formålet med flyttingen var å få mulighet til å legge kraftstasjonen i dagen. NVE finner at dette ikke avviker mer fra SP-prosjektene enn det som må kunne aksepteres for vurdering i konsesjonsbehandlingen som tilpasning ved detaljutforming av planene.

Flere hevder at de omsøkte tiltakene vil komme i konflikt med planene om en nasjonalpark. NVE tolker utsagnet i nasjonalparkmeldingen, St.meld. nr. 62 (1991–92) slik at nasjonalparkgrensene ikke skal legges slik at det vil legge hindringer i veien for vedtatte SP-prosjekter i kategori I. Opprusting/utvidelse av Muradalen kraftverk er som nevnt tidligere plassert i kategori I. Hattebergelva har vært regulert i over 80 år. De omsøkte tiltakene berører ikke vassdragsavsnitt som ikke allerede er påvirket av kraftutbyggingen. Det skal heller ikke gjøres fysiske inngrep i områder som ikke fra før er berørt av fysiske tiltak. NVE kan derfor ikke se at de omsøkte planene vil komme i konflikt med ev. ny nasjonalpark.

2.2.1.2 Ny kraftstasjon

Søker har prioritert et alternativ med kraftverk i dagen av økonomiske hensyn. Plasseringen ca. 900 m nedenfor nåværende stasjon er valgt i ho-

vedsak fordi det der er plass til å legge den i dagen, selv om det også vinnes fallhøyde. Merkostnaden ved å legge kraftstasjonen i fjell er anslått til ca. 10 mill. kr. Selv med denne merkostnaden har prosjektet god lønnsomhet. Å legge stasjonen her, medfører redusert vannføring på den relativt flate strekningen mellom nåværende og ny stasjon med medfølgende negative virkninger for landskapet og fiskebestanden. Dette kan ev. avbøtes noe ved hjelp av terskler. En slik stasjonsplassering medfører at en større del av Muradalen blir berørt av tekniske inngrep enn ved dagens situasjon. NVE finner dette uheldig med tanke på vassdragets vernestatus.

For alternativene 1B, 1C og 4 er det planlagt sommerinntak under Ringeriksfossen. Dermed vil vannet gå i fossen som før, i de deler av året området er i bruk. Dette medfører imidlertid teknisk inngrep ved inntaket. Kraftproduksjonen vil bli redusert med ca. 5,7 GWh og det vil være teknisk vanskelig å etablere minstevannføringsslipp med tanke på vegetasjonen på strekningen ned til kraftverksutløpet. NVE vurderer ulempene ved en slik løsning til å være større enn fordelene.

For alternativene med inntak under Ringeriksfossen (1B, 1C og 4) og alt. 6, er det planlagt vei opp til inntaket for å lette tilgangen. NVE finner det svært uheldig med veier i dette bratte terrenget og mener at transporten må kunne løses på andre måter.

Det har vært hevdet at det også for alt. 6 må kreves vassvei i tunnel og at kraftlinjene legges i kabel. NVE finner at dette vil medføre betydelige merkostnader i forhold til gevinsten. Fylkesmannen og DN har gått ut fra at merkostnadene ved å legge kabel er 1 mill. kr, ifølge søkers beregninger er det 3,5 mill. kr.

NVE anser at den største endringen fra nåværende situasjon vil være økt slukeevne. Her er alt. 1–6 like. Dette gir mulighet til effektkjøring og det er det som etter NVEs syn kan medføre de største miljøskadene. Søker har imidlertid opplyst at kraften skal brukes i eget forsyningsområde. Planen går derfor ut på jevn drift av stasjonen, noe som kan sikres gjennom manøvreringsreglementet.

NVE vurderer det slik at alt. 5 er det alternativet som best ivaretar verneverdiene. Her plasseres kraftstasjonen i fjell innerst i dalen, straks nedenfor nåværende stasjon. Når den gamle stasjonen og tilløpsrørene fjernes og luftlinjene erstattes med jordkabel, framstår dalen betydelig mer uberørt enn i dagens situasjon. Med begrensninger i driften av stasjonen vil vannføringen i elva, utenom utbyggingsstrekningen, bli minimalt berørt.

Baroniet bestrider at Kvinnherad Energi AS innehar rettigheten til hele fallet. Uenigheten dreier seg om fallet fra nåværende kraftstasjon og ned til ev. ny. For det tilfellet at Baroniet skulle vinne fram, er det søkt om ekspropriasjon og ervervs-konsesjon for dette.

2.2.1.3 Regulering og ny dam

Kvinnherad Energi AS har pålegg om å utbedre dam Svartavatnet og har derfor utarbeidet planer for dette og søkt om planendring i den sammenheng. NVEs oppfatning er at dette må gjøres uansett utfallet av søknaden for øvrig. Det var planer om å sette i gang med dette sommeren 2000. NVE har bedt om at dette foreløpig utsettes til 2001, men vil vurdere situasjonen fortløpende.

Det er søkt om å gjøre om gjeldende reguleringskonsesjon fra tidsbegrenset til tidsubegrenset. Norges Naturvernforbund, Bergen Turlag og Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget, mener det bør vurderes om dette kan avslås. For øvrig går ingen av uttaleinstansene mot denne delen av søknaden. Søker oppfylder kriteriene for å få tidsubegrenset konsesjon og NVE ser ingen grunn til å avvike fra vanlig praksis.

Det er søkt om økt senking av Svartavatnet med 4 m. En slik økning var ikke vurdert i det SP-prosjektet som var til behandling i Stortinget. Det var tatt med på bakgrunn av et forslag i uttalelsen fra fylkeskommunen. Formålet skulle da være at dette kunne gi grunnlag for bedre minstevassføring om sommeren. Økt magasin vil i hovedsak være til bruk om vinteren og kan vanskelig kobles opp mot minstevannføring om sommeren. NVE vurderer det slik at det ikke er formelt grunnlag for å gi tillatelse til økt regulering av Svartavatnet.

2.2.2 NVE sin konklusjon

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene, finner NVE at fordelene og nytten av tiltaket etter alt. 5 er større enn skadene for offentlige og allmenne interesser, jf. vassdragsloven § 106, nr. 1 og vassdragsreguleringsloven § 8. Vi anbefaler derfor at Kvinnherad Energi AS får tillatelse etter vassdragsloven §§ 104–105 og 62 til bygging og drift av nytt Muradalen kraftverk etter alt. 5 og til ekspropriasjon av nødvendig grunn til ny kraftstasjon og hjelpeanlegg, på de vilkår som følger vedlagt.

NVE kan ikke se at det er formelt grunnlag for å kunne gi tillatelse til økt senking av Svartavatnet og anbefaler derfor at søknad om dette avslås. Skulle OED likevel finne å gå inn for en slik tillatel-

se, anbefaler NVE at denne gis på samme vilkår som konsesjonen av 22.02.1991.

Søker oppfyller betingelsene for å få tidsbegrenset konsesjon. NVE anbefaler at reguleringskonsesjonen av 22.02.1991 endres fra tidsbegrenset til tidsubegrenset.

Videre anbefaler vi at det gis tillatelse til den omsøkte planendringen, dvs. erstatte nåværende hevert i Svartavatnet med en tappetunnel, og at vilkårene for tillatelsen av 22.02.1991 gjelder for dette arbeidet.

NVE anbefaler også at Kvinnherad Energi AS får tillatelse etter industrikonsesjonsloven til å erverve de deler av fallet som ikke allerede er ervervet og etter vassdragsloven § 148 til ekspropriasjon av de fallrettighetene som ikke allerede er ervervet.

I NVEs helhetsvurdering inngår også konsekvensene av elektriske anlegg som er nødvendig for å gjennomføre bygging av nytt Muradalen kraftverk. Etter NVEs vurdering medfører ikke de elektriske anleggene skader av et slikt omfang at det har avgjørende betydning for om det omsøkte tiltaket kan tillates eller ikke. NVE vil sluttbehandle søknaden om bygging og drift av de elektriske anleggene etter energiloven når spørsmålet om tillatelse etter vassdragslovgivningen er avgjort.

3 Innkomne fråsegner til NVE si innstilling

Departementet fekk fråsegner frå følgjande instansar til NVE si innstilling: Kommunal- og regionaldepartementet, Universitetet i Oslo, Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og Miljøverndepartementet. I tillegg har konsesjonssøkjaren Kvinnherad Energi gjeve kommentarar til innstillinga frå NVE.

3.1 Kommunal- og regionaldepartementet si fråsegn

Kommunal og regionaldepartementet uttala i brev dagsett 2. juni 2000 at departementet ikkje hadde nokre merknader til saka.

3.2 Fråsegna frå Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo ga følgjande fråsegn i brev dagsett 15. august 2000:

«Vi viser til Universitetet i Oslos brev til NVE, datert 30.04.99, med universitetets høringsuttalelse til søknaden om opprusting og utvidelse

av Muradalen kraftverk. De synspunkter som der er gjort gjeldende fra universitetets side, gjøres fortsatt gjeldende i saken. Universitetets brev av 30.04.99 er vedlagt i kopi.

Universitetet i Oslo finner det ikke tilfredsstillende at Norges vassdrags- og energidirektorat har avgitt innstilling til departementet uten å foreta en grundigere gjennomgang av de innsigelser til saksbehandlingen og til vurderingen av sakens realitet som er fremkommet fra mange hold. NVE synes ikke å ha undergitt disse innsigelsene en slik grundig og upartisk vurdering som en må forutsette skal foretas i en så viktig sak.

Universitetet i Oslo konstaterer at de innsigelser som er reist fra vår side ikke er undergitt en bred drøftelse av NVE. NVE hevder fortsatt at Stortinget, gjennom vedtak av Samlet Plan, har akseptert en utbygging av Hattebergvassdraget som vil ødelegge de verneverdige verdier som lå til grunn for stortingsvedtaket om vern av vassdraget gjennom Verneplan IV. UiO mener at NVEs syn på dette punkt har formodningen mot seg.

NVE skriver i sin innstilling på side 110: «Verneplan IV, St. prp. nr. 118 (1992–93) åpnet generelt for opprusting eller modernisering av eksisterende kraftverk i vernede vassdrag. Det kan gis tillatelse etter vassdragslovens §§ 104–105 for *små utvidelser som ikke går ut over verneformålet* (vår understrekning) (begrenset heving av overvann/senking av undervann, eventuelt sammen med en økning av maskininstallasjon/slukeevne). Det er i stortingsproposisjonen ikke diskutert hvorvidt det i vernede vassdrag kan gis konsesjon etter vassdragsreguleringsloven.»

NVE skriver videre: «For Hattebergvassdraget er det vedtatt unntak fra denne regelen».

For å begrunne denne forståelsen viser NVE til St.prp. nr. 118 (1991–92), og siterer fra denne. Sitatet NVE påberoper seg som grunnlag for sin forståelse av at det for Hattebergvassdraget er «vedtatt unntak» lyder som følger: «Departementet er klar over de betydelige verneverdiene i Hattebergvassdraget både når det gjelder naturvern og friluftsliv og ikke minst de kulturhistoriske verdiene knyttet til baroniet. De mer omfattende kraftutbyggingsplanene som tidligere er vurdert *synes nå å ha konkretisert seg til en opprusting/utvidelse av det allerede eksisterende kraftverket* (vår understrekning). Departementet tilrår at Hattebergvassdraget tas med i verneplanen, men forutsetter at dette ikke er til hinder for *en eventuell opprusting av kraftverket* (vår understrekning) i Muradalen der en også vurderer magasineringsmulighetene, som omtalt av fylkesmannen.»

NVE siterer ovenstående fra St. prp. 118 som et argument for at Hattebergvassdraget er unntatt fra den generelle regel om hva opprusting/utvidelse normalt anses å omfatte. Det påberøpte sitatet viser imidlertid klart at det ikke åpner for konsesjonsbehandling for noen av de omsøkte prosjektene. De omsøkte prosjektene (herunder alternativ 5) er ingen opprusting/utvidelse av eksisterende kraftstasjon, men bygging av ny kraftstasjon med tilhørende veianlegg og tipp på minst 65 000 m³. På denne bakgrunn er det oppsiktsvekkende at NVE, etter å ha gjengitt et sitat som etter universitetets syn ikke holder som begrunnelse for NVEs påstand, på side 119 i innstillingen fremholder: «Diskusjonen om hvorvidt det omsøkte prosjektet kan/bør defineres som opprusting, opprusting og utvidelse eller nybygging, finner NVE mindre aktuelt ettersom vi mener det er gitt unntak for et definert prosjekt. At det i den ene setningen sies opprustning, mens det i foregående setning sies opprustning/utvidelse, innebærer ikke at det er ulike prosjekter som omtales.»

NVEs tolkning av hva Stortinget har tillatt av tiltak i det vernede Hattebergvassdraget er tidligere tilbakevist fra mange hold. Vi viser her til brev til OED fra saksordførerne for Verneplan IV, Samlet plan og nasjonalparkmeldingen, hvor NVEs tolkning er avvist som ugyldig. Alle kraftprosjekter som har vært vurdert i Samlet Plan og som omfatter Svartavatn, er blitt plassert i kategori II eller III. De prosjektene NVE hevder det er åpnet for i Samlet Plan er videre så omfattende at de etter de vanlige regler for behandling av Samlet Plan-saker ville utløse krav om full Samlet Plan-vurdering, og følgelig ikke kan oppfattes som prosjekter som uten videre kan plasseres i kategori 1. Når NVE, som ovenfor, viser til at det skal være gitt «unntak for et definert prosjekt» er det uansett på det rene at dette eller disse definerte prosjektene ikke gjelder det prosjektet (Alternativ 5) som NVE nå tilrår at det gis tillatelse til å gjennomføre.

Universitetet i Oslo ser det slik at NVE i realiteten tar standpunkt til de ovennevnte spørsmål uten nærmere drøfting av disse, og under henvisning til sitater fra regjeringsdokumenter og stortingsbehandling som gir en begrunnelse for den motsatte forståelse av den NVE fremholder. Det sentrale spørsmålet gjelder her om det foreligger juridisk grunnlag for å kunne ta konsesjonssøknaden under behandling. UiO kan ikke se at NVE gjennomfører en grundig drøfting av om vilkårene for å konsesjonsbehandle foreligger, rettslig sett.

Universitetet i Oslo anser ikke at de rettslige vilkårene for å kunne behandle eller innvilge en konsesjonssøknad foreligger. Vi ber

Olje- og energidepartementet om å avvise behandling av konsesjonssøknaden, med tilhørende innstilling fra NVE, subsidiært at søknaden avslås.»

3.3 Kvinnherad kommune si fråsegn

Kvinnherad kommunestyre vedtok følgjande fråsegn i møte 31.08.2000:

«Kvinnherad kommune har med interesse studert innstillinga frå NVE. I den samanhengen viser vi til dei kommunale vedtaka om igangsetting av arbeidet med konsesjonssøknad og til kommunen si høyringsuttale til konsesjonssøknaden.

NVE har tilrådd ein noko anna løysing enn den Kvinnherad kommunestyre har gått inn for, men kommunen finn den føreslegne løysinga tilfredsstillande. Vi vil likevel nemna at kommunen ville sjå det som ein stor føremon om det hadde vore tilrådd ei auka regulering av Svartavatnet.

Kvinnherad kommune har i saksbehandlingsa si hatt dei same vurderingane som NVE når det gjeld prosjektet si stilling i høve til Stortinget sitt vernevedtak (NVE-innstillinga, s 118, siste avsnitt) og når det gjeld tilhøvet til Nasjonalparkmeldinga (NVE-innstillinga s. 119, 3. avsnitt). Kommunen er difor svært nøgd med at NVE er kome til denne konklusjonen og med grunngjevinga for den.

Med unntak av punktet om tilleggsregulering av Svartavatnet, voner Kvinnherad kommune at Olje- og energidepartementet vil leggja innstillinga frå NVE til grunn for si avgjerd i saka. Når det gjeld Svartavatnet, er det kommunen sitt ønske at tilleggsregulering vil bli tillate i samsvar med søknaden. Vi voner også at den vidare saksbehandlingsa vil skje raskt, slik at utbyggjaren kan få setja i gang med det store og tidkrevjande planarbeidet som må utførast for prosjektet kan realiserast.»

3.4 Hordaland fylkeskommune si fråsegn

Hordaland fylkeskommune v/Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 07.09.2000:

«Fylkesutvalet i Hordaland rår til at Kvinnherad Energi vert gjeven konsesjon i samsvar med NVE si innstilling.»

3.5 Fråsegn frå Miljøverndepartementet

Miljøverndepartementet gjorde følgjande fråsegn i brev dagsett 29. september 2000:

«Vi viser til Deres brev av 26.5.2000 vedlagt NVEs innstilling.

Planene foreligger i 6 alternativ. Søker har søkt på alternativene etter denne prioritering: 1, 1A, 5, 1C, 4, 6. NVE anbefaler at Kvinnherad Energi AS innvilges konsesjon etter alternativ 5 men uten økte reguleringer. NVE mener at alternativ 5 (men uten nye reguleringer) er det alternativet som best ivaretar verneverdiene. NVE forutsetter at den gamle stasjonen og tilførsrørene fjernes og at kraftlinja gjennom dalen erstattes med jordkabel, og mener at dalen da vil framstå som betydelig mer uberørt enn i dagens situasjon. Med de begrensninger som foreslås på driften av stasjonen mener NVE at vannføringen i elva blir minimalt berørt, bortsett fra på selve utbyggingsstrekningen.

Vi har forelagt innstillingen for Fylkesmannen i Hordaland, Riksantikvaren og DN, jf vedlagte uttalelser.

Fylkesmannen konkluderer med at det ikke er tatt tilstrekkelig hensyn til verneinteressene i NVEs innstilling. Tiltaket vil særlig ramme verneinteresser i det vernede vassdraget og i det området som vurderes vernet etter naturvernloven. Konfliktene er vesentlig knyttet til endringer i vannføring og de landskapsmessige og biologiske effektene som følger av dette. Fylkesmannen holder fast på sin uttalelse av 18.5.99 til NVE der det ble anbefalt at behandlingen av søknaden ble utsatt i påvente av nye utredninger. Dersom dette ikke ble tatt til følge tilrådte fylkesmannen alternativ 6 med visse forutsetninger.

Riksantikvaren har følgende konklusjon:

«Kraftutbygging etter alternativ 5 utan ytterlegare senking gjev reduserte verknader for Baroniet og for Svartavatnet (samanlikna med omsøkte alternativ med 4 m senking).

Utbygging etter alt 5 inneber framleis store negative konsekvensar for dei nasjonale kulturmiljøverdiane knytt til Muradalen, oppgangen mot fjellet med Ringeriksfossen og dermed samanhengen mellom elementa i heile dette landskapet.

Kraftline, vegframføring og andre tilknytte anlegg vil ha store negative verknader for Muradalen og kulturmiljøet kring Baroniet.

Riksantikvaren konkluderer med at det ikkje bør gjevast konsesjon til utbygging etter alternativ 5.»

Direktoratet for naturforvaltning har følgende konklusjon:

«DN vil på både faglig og prinsipielt grunnlag gå imot at det gis konsesjon i tråd med NVEs innstilling:

Tiltaket vil sterkt forringe de kvaliteter og den identitet vassdraget har som et *helhetlig* natur- og kulturminneområde fra bre til fjord.

Tiltaket går langt ut over det som kan kalles opprusting i et varig vernet vassdrag, og er

derfor ikke i tråd med Stortingets intensjoner med vassdragsvernet.

Unntak gitt for opprusting i Hattebergvassdraget forutsetter at det ikke er konflikt med verneinteressene i området. DN mener konfliktene er store, og tiltaket er ikke forenlig med vern etter naturvernloven.

DN mener man nå bør se på et reelt 0-alternativ, der sikkerhetshensyn ivaretas samtidig som man ikke kommer i konflikt med nasjonale verneverdier.»

Miljøverndepartementets vurdering:

Departementet mener at alle alternativene berører nasjonalt viktige natur-, landskaps- og kulturmiljøverdier i en slik grad at vi vil frarå at det gis konsesjon. Vi viser i denne sammenheng til uttalelsene fra Fylkesmannen i Hordaland, Riksantikvaren og DN. Vår vurdering gjelder både NVEs forslag og alle de omsøkte alternativene.»

3.6 Kvinnherad Energi sin kommentar til innstillinga

Kvinnherad Energi AS ga i brev av 09.08.2000 følgende kommentarar til innstillinga frå NVE:

«Kvinnherad Energi meiner at NVE si innstilling til konsesjonssøknaden gir det naudsynte økonomiske grunnlaget for å gjennomføra moderniseringa av Muradalen kraftverk. Det alternativet NVE innstiller på gir likevel ei svakare lønsemd i prosjektet enn det alternativet Kvinnherad Energi ynskjer seg.

Utbyggingskostnaden ved det alternativet NVE innstiller på er om lag den same som Kvinnherad Energi sitt hovudalternativ, om lag 120 millioner kroner, men energiproduksjonen i det tilrådte alternativet vert lågare. Dermed stig investeringskostnaden pr. produserte kWh, noko som reduserer lønsemda i prosjektet.

Etter Kvinnherad Energi si oppfatning har NVE i si innstilling gått grundig inn i dei problemstillingane som er knytte til prosjektet. Kvinnherad Energi registrerer at NVE deler synet på det formelle grunnlaget for søknaden, og dermed stadfestar at prosjektet ligg innanfor den ramma som er sett av Stortinget.

Kvinnherad Energi respekterer dei vurderingar som NVE har gjort for val av utbyggingsalternativ og som vart prioritert som nr. 3 av søkjar, men ber departementet vurdere på nytt følgjande:

1. Reduksjon av minstevassføring om sommaren frå 0,6 til 0,4 m³/s og innkorting av tida for slepp frå 15. juni til 15. september som er i samsvar med søknaden.

2. Tilleggsregulering av Svartavatn med 4 m slik det er søkt om.

Vår grunngeving er:

Betre økonomi i prosjektet

Ringeriksfossen vil etter vårt syn ikkje verta vesentleg endra om minstevassføringa vert redusert til 0,4 m³/s. Iflg. NVE vil dette også vera tilstrekkeleg av omsyn til vegetasjonen. Syner elles til vedlegg 6 i søknaden.

Slepp av vatn frå 15.06. fordi trafikken i området fram til då er svært liten.

NVE vil påleggja utbyggjar jamn drift, utan effektkjøring, men slik at det skal vera nok vatn i magasina til å produsera heilt fram til snøsmeltinga startar om våren. Med noverande regulering av Svartavatn (5,2 mill. m³) er det lite magasinvatn til slik regulering. Ved å tappa dette vatnet 4 m til, vil kapasiteten doblast. Dette vil gjere energiverket betre i stand til å tilfredsstilla NVE sine krav i tillegg til at ein vil kunna halda ei jamnare vassføring i elva nedanfor kraftstasjonen.

I brevet frå departementet av 11.06.96 til Samarbeidsrådet for naturvernsaker heiter det i nest siste avsnitt:

«Departementet kan av den grunn ikke se at en noe større utbygging av Muradalen kraftverk er i strid med Verneplan IV. Departementet mener likevel at en så omfattende regulering som 10 m vil være i strid med vernevedtaket. Hattebergvassdraget er for øvrig det eneste av verneplanvassdragene der det i stortingsvedtaket er gitt åpning for økt magasinering.»

Kvinnherad Energi meiner å tilleggsregulera (senka) Svartavatn med inntil 4 m vil ha små negative konsekvensar, og ber departementet vurdera dette på nytt. Skulle det formelle grunnlaget for ei slik regulering ikkje vera til stades slik NVE hevdar, ber ein om at departementet legg saka fram for Stortinget sidan konsesjonssøknaden likevel skal avgjerast der.»

4 Departementet sitt avslag på konsesjonssøknaden

Olje- og energidepartementet fatta vedtak om å gje avslag på søknaden i brev dagsett 28. juni 2001. Brevet har følgjande ordlyd:

«1. Bakgrunn

Kvinnherad Energi AS søkte 20.11.1998 om tillatelse til opprusting og utvidelse av Muradalen kraftverk i Hattebergvassdraget.

Hattebergelva er i dag bygget ut med Muradalen kraftverk som består av en kraftstasjon i dagen innerst i Muradalen og de to magasinene Prestavatnet og Svartavatnet. Svartavatnet blir regulert med en hevert med åpning litt nedenfor dammen. Heverten blir åpnet om hø-

ten og stengt om våren. Kvinnherad Energi AS må utbedre dammen, slik at en tilfredsstiller sikkerhetskravene i forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg.

Kvinnherad kommune fikk overdratt vassdragsretter fra Stamhuset Rosendal i 1916. Den første kraftstasjonen sto ferdig i 1920 og ble drevet av Kvinnherad Kraftverk fram til 1940 da den ble ødelagt av en storflom.

I 1953 ble det opprettet en leieavtale mellom Kvinnherad kommune/Kvinnherad Kraftverk og Bjørke Båtbyggeri som bygde nåværende Muradalen kraftstasjon som kom i drift i 1954. Ved kgl. res. 01.11.1957 ble det gitt konsesjon til bruksrett av fallet og konsesjon til ytterligere regulering av Prestavatnet og Svartavatnet med henholdsvis 1,1 m og 0,4 m til det som er dagens regulering. Konsesjon ble gitt for leietiden, men ikke utover 50 år.

Fallrettighetene gikk tilbake til kommunen ved leietidens utløp i 1983. Kvinnherad kommune vedtok i 1986 at Kvinnherad Kraftverk skulle overta driften av kraftverket. Kvinnherad Kraftverk søkte om å få overført reguleringskonsesjonen på uendrede vilkår fram til år 2007 og konsesjon ble gitt ved kgl. res. 22.02.1991. Konsesjonen er fortsatt tidsbegrenset.

Kvinnherad Energi AS ble stiftet i 1993 og overtok da Kvinnherad Kraftverk med tilhørende rettigheter. Kvinnherad Energi AS er et heleid kommunalt distribusjons- og produksjonsselskap.

2. Søknaden

a) Omsøkte konsesjoner og tillatelser

1. Utbedring av dammen i Svartavatnet

Kvinnherad Energi AS må utbedre dammen ved Svartavatnet for at den skal tilfredsstille sikkerhetskravene i forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg. Tappeheverten søkes erstattet med en senkingstunnel.

2. Ytterligere regulering

Det er søkt om 4 m økt senking av Svartavatnet.

3. Tidsbegrenset reguleringskonsesjon

Det er søkt om å endre reguleringskonsesjonen av 22.02.1991, jf. opprinnelig konsesjon gitt ved kgl. res. 01.11.1957, fra tidsbegrenset til tidsubegrenset.

4. Ny kraftstasjon

Kvinnherad Energi AS har i søknaden presentert seks alternative muligheter for ny kraftstasjon, som er omhandlet i konsekvensutredningen. For enkelte av alternativene er det søkt om ombygging av dammen ved Prestavatnet. Alternativene er som følger:

Alt. 1 Stasjonen plasseres i dagen ca. 900 m nedenfor dagens stasjon på ca. kote 151 med inntak i Prestavatnet

Alt. 2 Stasjonen plasseres i dagen ca. 800 m nedenfor dagens stasjon på ca. kote 153 med inntak i Prestavatnet. Dette tilsvarer Samlet plan alt A (11 MW)

Alt. 3 Som alt 2, men med større installasjon. Dette tilsvarer Samlet plan alt B (18 MW)

Alt. 4 Stasjonen plasseres i fjell ca. 100 m nedenfor dagens stasjon på ca. kote 177 med inntak i Prestavatnet og med sommerinntak under Ringeriksfossen. Dette var meldingens hovedalternativ.

Alt. 5 Som alt 4, men uten sommerinntak under Ringeriksfossen.

Alt. 6 Stasjonen plasseres i dagen ca. 40 m nedenfor dagens stasjon på ca. kote 182 med nåværende inntak.

I søkers kommentarer til høringsuttalelsene er det presentert et alternativ 7 uten hverken økt slukeevne/maskininstallasjon eller økt fallhøyde. Et slikt alternativ krever ikke tillatelse etter vannressursloven. Etter de foreliggende opplysninger antar departementet at det heller ikke vil kreve tillatelse etter vannressursloven med en ren økning av slukeevnen/maskininstallasjonen. Den nærmere grensen for de tiltak som faller utenfor konsesjonsplikten kan etter begjæring fastsettes av NVE i henhold til vannressursloven § 18. Det må uansett søkes om nødvendig tillatelse etter energiloven for de elektriske anlegg.

For alternativene 1–5 er vannveien planlagt i tunnel og luftledningen vil erstattes med et kabelanlegg. For de andre alternativene skal det benyttes rørgate og dagens kraftledning som er en luftledning.

3. Forholdet til Samlet plan og Verneplan for vassdrag

Hattebergvassdraget ble vernet mot kraftutbygging 01.04.93 ved Stortingets behandling av Verneplan IV, jf. St. prp. nr 118 (1991–92).

Verneplan IV åpnet generelt for opprusting og mindre utvidelser av eksisterende kraftverk i vernede vassdrag. Det heter bl. a. på s. 38 om kraftutbyggingstiltak i vernede vassdrag:

«Olje- og energidepartementet mener derfor at det nå er grunnlag for å åpne for muligheten til å gi konsesjon etter vassdragsloven i forbindelse med opprusting av kraftverk selv om kraftverket ligger i et vernet vassdrag. Det forutsettes at det ikke skal være omfattende tiltak. I tillegg til de rene opprustninger kan det være tale om begrenset heving av overvann/senking av undervann, eventuelt sammen med en økning av maskininstallasjon/ slukeevne. Det vil i alle tilfeller være en forutsetning at en slik opprustning ikke berører verdier som lig-

ger til grunn for vernevedtaket, og at fordelene av tiltaket vil være større enn ulempene for de allmenne interesser.»

I proposisjonen er det gitt følgende omtale av Hattebergvassdraget:

«Departementet er klar over de betydelige verneverdiene i Hattebergvassdraget både når det gjelder naturvern og friluftsliv og ikke minst de kulturhistoriske verdiene knyttet til Baroniet. De mer omfattende kraftutbyggingsplanene som tidligere er vurdert synes nå å ha konkretisert seg til en opprusting/utvidelse av det allerede eksisterende kraftverket i Muradalen. Departementet tilrår at Hattebergvassdraget tas med i verneplanen, men forutsetter at dette ikke er til hinder for en eventuell opprusting av kraftverket der en også vurderer magasineringsmulighetene, som omtalt av fylkeskommunen.»

I Innst. S. nr. 116 (1992–93) er komiteen enig i at det kan gis mulighet for eventuell opprusting av kraftverk som ligger i vernede vassdrag. Komiteen forutsatte at det ikke skulle være omfattende tiltak. Komiteen hadde ingen merknader til omtalen i proposisjonen av Hattebergvassdraget.

NOU 1991 12A Verneplan for vassdrag IV dannet grunnlaget for St. prp. nr 118. I NOUen heter det bl. a.:

«Utvalget legger vekt på de store natur- og kulturverdiene ved siden av områdets betydning for friluftslivet. Utvalget er imidlertid klar over at det foreligger planer for opprusting og utvidelse av Muradalen kraftverk. Planen går ut på å flytte inntaket opp til Prestavatnet og utløpet fra kraftstasjonen lenger ned for å øke fallhøyde og installasjon. Dette medfører ikke endrete reguleringer.

Utvalget kan akseptere at opprustingsprosjektet, dersom det plasseres i kategori I i Samlet plan, kan konsesjonsbehandles.

Med disse premisser foreslår utvalget at objektet kan tas med i verneplanen».

Flertallet på Stortinget samtykket under den samtidige behandlingen av Verneplanen og rulleringen av Samlet plan i 1993 i at to Samlet plan-alternativer for opprusting og utvidelse ble videreført. Begge prosjektene forutsetter bygging av et nytt kraftverk. Mindretallet gikk inn for å ta ut disse prosjektene av Samlet plan og begrense tiltaket til en opprusting av eksisterende kraftverk.

4. Olje- og energidepartementets vurdering

a) Søknaden om konsesjon for opprusting og utvidelse

Olje- og energidepartementet legger stor vekt på at verdiene i eksisterende kraftanlegg må utvikles på en tjenlig måte. I St. meld. nr. 37

(2000–2001) Om vasskrafta og kraftbalansen har Regjeringen derfor varslet at den vil si ja til vannkraftprosjekter som gjelder opprusting og utvidelse som ikke er nevneverdig til skade for urørt natur. Stortinget sluttet seg til disse generelle merknadene i meldingen.

I denne saken står en overfor spørsmålet om opprusting og utvidelse av et kraftverk i et vernet vassdrag. Det tiltak som tilrås må ikke berøre verdiene som ligger til grunn for vernevedtaket. Departementet har merket seg at NVE har kommet til at alt. 5 best ivaretar verneinteressene. Departementet har også merket seg oppfatningene fra lokalt hold. Både kommune og fylkeskommune går inn for forslaget fra NVE.

Ut fra hensynet til de nasjonale naturverdier i området har imidlertid departementet etter en samlet vurdering kommet til at ingen av de seks omsøkte alternativene kan få konsesjon for opprusting og utvidelse etter vannressursloven.

b) Søknad om ytterligere regulering

Departementet slutter seg til NVEs innstilling om at det ikke er grunnlag for å gi tillatelse etter vassdragsreguleringsloven til økt regulering av Svartavatnet som omsøkt.

c) Søknad om utbedring av dammen i Svartavatnet

NVE har bedt Kvinnherad Energi AS om å utbedre dammen i Svartavatnet av sikkerhetsmessige årsaker. Departementet viser til at dette er et nødvendig vedlikeholdsarbeid som må gjøres uansett utfallet av søknaden forøvrig. Det er svært viktig at dameiere oppfyller kravene til sikkerhet i forskrift om sikkerhet og tilsyn.

Departementet gir Kvinnherad Energi AS tillatelse til å utføre nødvendige sikkerhetsmessige arbeider ved dammen i Svartavatnet som omsøkt. Vilklårene i reguleringsstillatelsen av 22.02.1991 gjelder for dette arbeidet.

d) Søknad om tidsubegrenset reguleringskonsesjon

Kvinnherad Energi AS har søkt om omgjøring av reguleringskonsesjonen av 22.02.1991 fra tidsbegrenset til tidsubegrenset.

Hjemmel for behandling av foreliggende endringssøknad er vassdragsreguleringsloven § 10 nr. 3 annet ledd. Bestemmelsen gir anledning til å endre vilkår i konsesjoner dersom konsesjonæren søker om det.

Myndighet til å endre vilkår etter vassdragsreguleringsloven § 10 nr. 3, 2. ledd var tidligere tillagt Kongen. Ved kongelig resolusjon 25.08.2000 ble Olje- og energidepartementet delegert fullmakt til å endre konsesjonsvilkår i medhold av ovennevnte bestemmelse.

Etter vassdragsreguleringsloven § 10, 2. ledd kan reguleringskonsesjoner gis på ubestemt tid dersom selskapet er minst 2/3 offentlig eid. En forutsetning er at kraften nyttes til alminnelig kraftforsyning, og at hensynet til allmenne interesser ikke taler imot.

Kvinnherad Energi AS er et heleid offentlig selskap. Kraften nyttes til alminnelig forsyning.

Olje- og energidepartementet finner at vilklårene i vassdragsreguleringsloven § 10, 2. ledd er oppfylt. Konsesjonen endres derfor til å gjelde på ubegrenset tid og uten påhefte om hjemfall.

Som en følge av ovennevnte, gjøres følgende endringer i Tillatelse av 22. februar 1991 til regulering av Hattebergvassdraget:

I post 1 i Vilklårene gjøres følgende endringer:

1. ledds 1. setning endres til følgende:

«Konsesjonen gis for ubegrenset tid.»

3. ledd vedrørende hjemfall til staten bortfaller.

Departementet bemerker at en endring av konsesjonsvilkår fra tidsbegrensning til ubegrenset tid ikke innebærer noen innskrenkning i departementets adgang til å revidere tidligere gitte konsesjoner, jf. lov om endringer i vassdragsreguleringsloven m. fl. 19. juni 1992 nr. 62 VI nr. 3. Denne bestemmelsen innebærer at konsesjonen kan revideres 50 år etter konsesjonstidspunktet.

Det tas derfor inn et nytt standardvilkår om revisjon for å justere konsesjonsvilkårene i henhold til gjeldende lovverk.

Som nytt 2. ledd inntas følgende:

«Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til alminnelig revisjon etter 50 år regnet fra 1. november 1957. Dersom vilklårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjonen innen 3 måneder etter at han har fått underretning om de reviderte vilkår.»

Nåværende 2. ledd blir nytt 3. ledd.

4. Oppsummerende merknader

1) Søknaden fra Kvinnherad Energi AS i medhold av vannressursloven og vassdragsreguleringsloven om opprusting, utvidelse og om tilleggsregulering avslås.

Olje- og energidepartementet gjør oppmerksom på at det etter vassdragsreguleringsloven § 8, 2. ledd er adgang til å kreve avslaget forelagt Stortinget.

2) Kvinnherad Energi AS gis tillatelse som omsøkt til utbedring av dammen i Svartavatn pga sikkerhetsmessige årsaker.

3) Søknaden fra Kvinnherad Energi AS om omgjøring av reguleringskonsesjonen fra å være tidsbegrenset til tidsubegrenset innvilges på vilkår inntatt ovenfor under pkt. 3 d).»

5 Konesjonssøkjaren sitt krav om å få saka lagt fram for Stortinget

Kvinnherad Energi AS har i brev dagsett 6. august 2002 fremja krav om at Olje- og energidepartementet sitt vedtak, sjå kapitel 5, vert lagt fram for Stortinget for handsaming. Grunnlaget for kravet er vassdragsreguleringslova § 8, anna ledd.

Brevet frå Kvinnherad Energi AS lyder som følger:

«Kvinnherad Energi AS (KE) har fått avslag på søknaden om opprusting/utviding av Muradalen kraftverk i Hattebergvassdraget. Ein syner til brev frå Olje- og energidepartementet (OED) av 28.06.2001 der det blir gjeve ei særskildt kort grunngjeving for avslaget.

I avslaget frå OED er det mellom anna føya til:

«I søkers kommentarer til høringsuttalelsene er det presentert et alternativ 7 uten hverken økt slukeevne/maskininstallasjon eller økt fallhøyde. Et slikt alternativ krever ikke tillatelse etter vannressursloven. Etter de foreliggende opplysninger antar departementet at det heller ikke vil kreve tillatelse etter vannressursloven med en ren økning av slukeevnen/maskininstallasjonen. Den nærmere grensen for de tiltak som faller utenfor konsesjonsplikten kan etter begjæring fastsettes av NVE i henhold til § 18».

Kvinnherad Energi søkte 21.08.01 NVE om kva tiltak som kunne gjennomførast for å modernisera eksisterande kraftverk innanfor gjeldande reguleringskonsesjon. I brev av 16.10.01 vedtok NVE at slukeevna i eksisterande kraftstasjon kunne aukast til 3,8 m³/s utan konsesjon etter vassressurslova. Dette forvaltningsvedtaket vart klagt inn til OED av fleire naturvernorganisasjonar. NVE behandla klagen og laga ein særskildt grundig og fagleg vurdering og konkluderte med at det ikkje var kome nye vesentlege moment i saka og endra ikkje standpunkt.

I mellomtida vart det regjeringsskifte med ny statsråd frå KrF. Utan at statsråden hadde synfart vassdraget, omgjorde Einar Steensnæs 01.03.02 NVE sitt vedtak av 16.10.01 utan noko fagleg grunngjeving og fastsette at slik modernisering måtte ha konsesjon. På bakgrunn av vedtaket av 28.06.01 går KE ut frå at slik konsesjon ikkje vil bli gjeve og ser difor ikkje nokon grunn til å sende ny søknad.

Søkjar vil peika på at søknaden om opprusting/utviding av Muradalen kraftverk er ein oppfølging av Stortinget sine vedtak i Samla Plan og Verneplan IV i 1993. Stortinget føretok den gong ei overordna vurdering, og verna ca. 1 TWh kring Folgefonna nasjonalpark. I Hatte-

bergvassdraget er ca. halvdel av vassdraget verna.

Av eit kraftpotensiale på 150 GWh er 70–80 GWh teken ut til konsesjonsbehandling. Det er denne kraftmengda søknaden handlar om.

I Regjeringa si innstilling, som eit overveldande fleirtal i Stortinget slutta seg til i 1993, heiter det generelt at verneplanen ikkje skal vera til hinder for at ein kan rusta opp kraftverk som frå før ligg i eit verna vassdrag.

For Muradalen kraftverk sitt vedkomande gjekk ein konkret inn på moderniseringsplanane, og sa uttrykksleg at verneplanen ikkje er til hinder for ei modernisering, inkludert ei endring av magasineringa og ei flytting av kraftstasjonen. NVE stadfestar også i si tilråding at det Kvinnherad Energi har søkt om ligg innanfor det Stortinget har gjeve opning for i vernevedtaket.

I si innstilling til konsesjonssøknaden uttalar NVE at prosjektet ikkje er i konflikt med ein eventuell nasjonalpark.

Kvinnherad Energi meiner at dette prosjektet både ligg godt innanfor det Stortinget har gjeve tilgang til i sitt vernevedtak, samstundes som det ikkje er i konflikt med verneinteressen for dette fjellområdet.

Sidan 1919 har det vore ein kraftstasjon i drift i Muradalen. Sidan då har Svarta- og Prestavatn vore regulert. Muradalen kraftverk nyttar i dag berre 1/3 del (160 m) av den totale fallhøgda i Hattebergselva, og er i prinsippet eit lite elvekraftverk. Det vil den nye kraftstasjonen framleis vera, også etter moderniseringa fordi det er lite magasinvatn.

Moderniseringa av Muradalen kraftverk inneber svært moderate naturinngrep og baserer seg i hovudsak på dei inngrep som vart gjort i naturen ved byrjinga av forrige århundre. Det er ikkje snakk om å regulera fleire vatn, byggja nye demningar eller setja opp kraftledningar i fjellheimen, men derimot å fjerna fleire skjemmande installasjonar frå fjellet.

Ingen nye installasjonar skal byggjast i fjellheimen. Bygging av ny vassstunnel og kraftstasjon i fjell inneber at både den gamle kraftstasjonen, røyrkata, kraftledningar og andre delar av det gamle anlegget blir fjerna.

Dei vakraste og mest attraktive delane av denne fjellheimen, som til dømes Bjørndalen og Svartafossen, blir ikkje berørt av dette prosjektet.

Ved at vatnet til den nye kraftstasjonen blir ført gjennom ein ny fjelltunnel frå Prestavatn, vil Hattebergselva på strekninga frå Prestavatn til den nye kraftstasjonen i Muradalen få vesentleg mindre vassføring enn i dag. Det inneber at Ringeriksfossen blir mindre. Dette er den største ulempen ved moderniseringsprosjektet. Imidlertid vil elva i sommarmånadane

ha såkalla minstevassføring. Det vil seia at Ringeriksfossen gjennom sommaren vil sjå ut omtrent slik den i dag gjer på tørre sommardagar.

NVE tilrår utbygging etter alt. 5 med ei minstevassføring i Ringeriksfossen på 0,6 m³/s i tida 01.05. til 15.09. KE meiner ei så stor minstevassføring over så lang tid vil redusera produksjonen for mykje, og vil i staden tilrå alt. 4 med full vassføring i Ringeriksfossen om sommaren. Ein ber om at dette vert vurdert av Stortinget ved energi- og miljøkomiteen.

Som grunnlag for søknaden har det vore undersøkingar, konsesjonsutgreiingar, befaringar og ulike høyringar i distriktet.

Konsekvensutgreiingane konkluderer med at verknadane på natur og miljø er små.

Eit samla kommunestyre i Kvinnherad tilrår konsesjon. Eit fleirtal på 23 representantar tilrådde NVE si innstilling, men med tilleggssinking av Svartavatn med 4 m, 1 representant tilrådde NVE si innstilling, 2 representantar tilrådde alt. 1, medan mindretalet på 18 ønskte minimumsalternativet alt.6.

Hordaland fylkesutval tilrådde 10 medlemmar (5 Ap, 2 V, 1 Sp, 1 Krf, 1 SV) til at KE vert gjeven konsesjon etter NVE si innstilling, medan 5 medlemmar (3 H, 2 Frp) tilrådde det omsøkte alternativ 1, subsidiært NVE si innstilling.

NVE har gjort ei grundig og balansert vurdering av søknaden, og konkluderer med at fordelene og nytten av moderniseringa er større enn skadene for offentlege og allmenne interesser. Departementet har tidlegare gjennom søknaden og NVE si innstilling fått KE sine argument for utbygginga. I tillegg til ovannemnde kommentarar ønskjer me å fokusera på følgjande:

- Opprusting og utvidingsprosjektet vart plassert i Samla Plan og godkjent samstundes med Vedtak om Verneplan IV.
- Den lokale støtta til å verna Hattebergvassdraget bygde på at opprusting og utvidingsprosjektet kunne gjennomførast. Det er om-tala i St.meld. nr. 62 (1991–92).
- Kvinnherad Energi har oppfatta dette som sterke føringar om at det ville verta gjeve løyve til dette prosjektet.
- Motstandarene mot prosjektet (som ikkje har nemnande lokal tilslutning) har i hovudsak argumentert med at prosjektet var i strid med Stortinget sin vilje og politisk vedtak. Fråsegnene tyder dessutan på manglande kunnskap om utbygginga.
- Kraftstasjonen ligg ikkje i Rosendal som mange får inntrykk av. Den ligg i Muradalen, ca. 3,5 km innanfor Baroniparken.
- I Rosendal er to kraftverk. Desse ligg i den andre greina av Hattebergvassdraget, Melselva, og fråføringsstrekningane her er lak-

seførande. Det eine, Vollakvern-fallet, er nyleg bygd opp att etter å ha vore ute av drift i meir enn ti år. NVE vurderte dette til å vere ikkje konsesjonspiktig. Det har ikkje vore innvendingar mot dette.

- Moderniseringa av Muradalen kraftverk får ingen negative verknader for Baroniet eller landskapsparken. Å hevda noko anna vil vera å spela på følelsar og mangel på kunnskap.
- Noreg er no i den situasjonen at det i eit normalår vert produsert mindre elektrisitet enn det forbruket tilseier. Med den utviklinga landet er inne i lyt ein framleis rekna med auka etterspurnad etter elektrisitet, noko som vil føra til auka import.
- Kvinnherad Energi ønskjer å bruka denne moglegheiten til å følgja opp den politiske målsetjinga om å auka landet si energiforsyning gjennom å effektivisera drifta i gamle installasjonar. Dette er også i samsvar med Samarbeidsregjeringa og leiar i energi- og miljøkomiteen i Stortinget sine målsetjingar om å nytta vasskraft som fornybar forurensingsfri energi. På denne måten kan ein henta ut meir energi av eksisterande installasjonar, framfor å måtta byggja ut naturområde der det i dag ikkje er kraftproduksjon.
- Åtte av ti nordmenn støttar vidare kraftutbygging for å få billigare straum.
- Det har vore mykje feilinformasjon i denne saka, der Kvinnherad Energi har vore offer for eit miljøpolitisk spel. Området må synfarast, først då kan ein sjå kor misvisande motstandarane sine framstillingar av saka er.

Etter Kvinnherad Energi si meining vil fordelane med utbygginga av Muradalen vera mykje større enn eventuelle skadar og ulemper for allmenne interesser. Søkjar vil difor be om at departementet si avgjersle i pkt. 1 vert lagt fram for Stortinget snarast. Ein syner her til vassdragsreguleringslova § 8 andre ledd.»

6 Tidlegare praksis for å avslå konsesjonssøknader

I St. meld. nr. 50 (1997–98) Om kraftutbygging i Øvre Otta gjer departementet greie for følgjande tre saker om kraftutbygging der det vart gjeve avslag på søknader om konsesjon i tillegg til søknaden om kraftutbygging i Øvre Otta:

1. Regulering av Femunden.
2. Utbygging av Dagalifalla.
3. Regulering og utbygging av Steinslandsvassdraget.

I saka om avslag på søknaden om kraftutbygging i Øvre Otta syner departementet til Innst. S. nr. 200 (1998–99). I si handsaming gjekk Stortinget inn for å ta kravet frå Kraftlaget Opplandskraft, Tafjord Kraftselskap og Glommens og Laagens Bruksei-erforning delvis til følgje. Regjeringa vart pålagt å gje konsesjon til ei redusert utbygging. Samstundes vart kravet om overføringa frå Breidalsmagasinet til Glitra avslått. I juni 2001 vart det gjeve løyve etter vannressurslova ved kongeleg resolusjon i tråd med forutsetningane til Stortinget.

7 Olje- og energidepartementet sine merknader

7.1 Bakgrunn for saka

Hattebergelva er i dag bygd ut med Muradalen kraftverk som består av ein kraftstasjon i dagen inst i Muradalen, og dei to magasinane Prestavatnet og Svartavatnet.

Kvinnherad kommune fekk overdratt vassdragsrettar frå Stamhuset Rosendal i 1916. Den første kraftstasjonen sto ferdig i 1920 og vart driven av Kvinnherad Kraftverk fram til 1940 då den vart øydelagt av ein storflaum.

Noverande Muradalen kraftstasjon vart sett i drift i 1954. Ved kongeleg resolusjon 01.11.1957 vart det gjeven konsesjon til ei industriverksemd for å bruke vannfallet og konsesjon til ytterlegare regulering av Prestavatnet og Svartavatnet til det som er dagens regulering. Kvinnherad Energi AS søkte 20.11.1998 om løyve til å ruste opp og utvide Muradalen kraftverk i Hattebergvassdraget. Selskapet vart stifta i 1993 og tok over Kvinnherad Kraftverk med alle tilhøyrande rettार frå 01.01.1995. Reguleringskonsesjonen vart overført ved Olje- og energidepartementet sitt vedtak dagsett 28.09.1995 i uendra form og tidsbegrensa til 2007. Ved Olje- og energidepartementet sitt vedtak 28. juni 2001 vart denne reguleringskonsesjonen gjort om til evigvarande.

7.2 Om søkjaren

Kvinnherad Energi AS er eit selskap som er heileigd av Kvinnherad kommune. Selskapet driv både med produksjon og distribusjon av kraft.

7.3 Prosjektet

Kvinnherad Energi har i søknaden lagt fram 6 ulike alternativ for ei utbygging.

For alternativa 1–5 vart vassvegane planlagd i

tunnel og med jordkabel i staden for den luftlina som vert nytta i dag. Alternativ 6 skulle nytte røyr-gate og luftline.

7.4 NVE si innstilling – kort oppsummering

NVE rådde i si innstilling til departementet til at konsesjon vert gjeve. NVE kom til at det i samband med handsaminga av Verneplan IV vert gjort unn-tak for eit prosjekt for utbygging i samsvar med dei prosjekta i Samla Plan som vart handsama av Stor-tinget same dag som saka om Verneplan IV. NVE rådde til at ein ga løyve til alternativ 5, som NVE meinte var det som best tok vare på verneinteres-sene. Dette alternativet ville gje omlag 74 GWh i året. Alternativ 5 er eit prosjekt der kraftstasjonen vert lagt i fjell om lag 100 m nedanfor eksisterande kraftstasjon på om lag kote 177 med inntak i Pres-tavatnet. Dette alternativet var samstundes hovudalternativet i konsekvensutgreiinga.

7.5 Oppsummering av fråsegnene til NVE si innstilling

Olje- og energidepartementet har hatt NVE si innstilling på høyring. Fråsegnene er i sin heilskap tekne inn i kap. 3.

Kommunal- og regionaldepartementet hadde ingen merknader til at det vart gjeven konsesjon som NVE rådde til. Hordaland fylkeskommune rådde til at konsesjon vart gjeven i samsvar med NVE si innstilling. Kvinnherad kommune var og positive til ei kraftutbygging og gjekk inn for å gje konsesjon. Miljøverndepartementet gjekk i mot at konsesjon vart gjeven, med den grunngevinga at alle dei søkte alternativa «berører nasjonalt viktige natur-, landskaps- og kulturminnemiljøer i en slik grad at vi vil frarå at det gis konsesjon.» Universitetet i Oslo kom med ei fråsegn om at Olje- og ener-gidepartementet burde avvise handsaminga av konsesjonssøknaden med tilhøyrande innstilling frå NVE.

7.6 Vurderinga etter vassdragsreguleringslova § 8

Etter vassdragsreguleringslova § 8, 1. ledd bør ein normalt berre gje konsesjon til ei vassdragsregule-ring dersom «*skader eller ulemper for allmenne eller private interesser anses for å være av mindre betydning i sammenligning med de fordeler som reguleringen vil medføre. Hensyn bør dessuten tas til andre skade- og nyttevirksomheter av samfunnsmessig betydning.*»

Ein skal normalt berre gje konsesjon dersom

skadene eller ulempene er av mindre tyding samanlikna med fordelane som tiltaket vil føre med seg.

Ved vurderinga av fordelar og ulemper må ein ikkje berre sjå på dei nærliggjande verknadene, men og indirekte og meir fjerne følgjer.

Ei slik utbygging som NVE har rådd til, vil styrke kraftoppdekkinga med om lag 70 GWh i året.

Dei meir indirekte fordelane kan være auke i sysselsetting og i næringsverksemd i distriktet. Ved vurderinga må ein og sjå på verknaden av den økonomiske kompensasjonen som vert gjeven i form av konsesjonsavgifter, konsesjonskraft og skatteinntekter.

Søknad om konsesjon for elektriske anlegg vert handsama etter energilova. Dersom ein vel ei kabelløysing vert kraftlina som er der i dag fjerna.

Skader og ulemper ved tiltaket går først og fremst på verknaden på naturverdiar og nærleiken til nasjonalparken og Baroniet. Endringar i vannføringa vil føre med seg ein reduksjon av vassdraget sin verdi for naturopplevingar og rekreasjon.

Nye steintippar og auke i trafikken i anleggsperioden er og ulemper som vil følgje med ei utbygging.

7.7 Departementet si vurdering og tilråding

Konsesjon skal normalt berre gjevast dersom skadene eller ulempene er av mindre vekt samanlikna med fordelane som tiltaket fører med seg. Noko kvalifisert overvekt vert ikkje kravd.

Ved vurderinga av søknaden fann departementet etter ei samla vurdering at omsynet til nasjonale naturverdiar i området måtte få avgjerande vekt.

Etter Olje- og energidepartementet sitt syn har ikkje Kvinnherad Energi kome med nye moment i

saka som gjer at departementet vil endra si vurdering.

Alle dei nemnde momenta var kjend då departementet fatta vedtak om å avslå søknaden.

Til dei konkrete merknadene frå konsesjons-søkjaren, inntekne i kap. 5, vil departementet peika på at sjølv om eit prosjekt er plassert i Kategori I i Samla Plan, er det ikkje nokon automatikk i at ein skal få konsesjon. Ved ei slik plassering er det opna for konsesjonshandsaming. Søkjar har ikkje noko krav på å få konsesjon.

Det er opp til konsesjonsmakta sitt frie skjøn å vurdere tiltaket sine konsekvensar utifrå kriteria i vassdragsreguleringslova § 8.


Konsesjonssøkjaren peikar på at Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune går inn for ei utbygging. Det er i og for seg eit moment til fordel for utbygging, men departementet meiner at det viktigaste er dei nasjonale omsyna til landskap, natur- og kulturminnemiljøet i området. Det er viktig å verna om vassføringa i vassdraget med dei fordelar det gjev for friluftsliv og naturoppleving. Det er viktig å ta omsyn til at turgåarar og andre brukarar av området får oppleve ei kjensle av at det ikkje vert gjort nye inngrep.

Det er framleis departementet si oppfatning at skadeverknadene ved prosjektet er større enn fordelane, og at avslaget på søknaden om utbygging derfor bør oppretthaldast.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 11. april 2003 om kraftutbygging i Hattebergvassdraget blir sendt Stortinget.

Vedlegg 1**Hattebergvassdraget – Rosendal. Kart over delfelter**

Figur 1.1



Grafisk produksjon: GCS allkopi – Oslo. April 2003